

**REFERAT FRÅ FAU MØTE
SUND UNGDOMSSKULE
12.02.20**

Til stades: Ivar Naustheller, Monica Leirvaag, Åsgeir Litlere, Lene Øvretveit, Helga Lokøy Ulvøen, Kirsti Nordstrand, Aina Hagenes, Kaja Holm Andersen, Mona Ulvøen Forland, Lisbeth Løtvedt, Anita Vangsnes, Charlotte H. Krondorfer og Marianne Soltvedt.

Meldt fråfall: Kristin Skaga Eide, Renate M. Brekken, Anne Katrine Fenne, Symphorien Pombe, Øyvind Dāvøy, Kjersti Golten, Marianne Glesnes, Bente Bakke, Halvar Steinsland, Silje Therese Eikeseth og Ella Føleide.

I tillegg inviterte FAU rektor Sølvi Fjeld Bjørøy til å vere med på møtet.

Leiar Lisbeth Løtvedt ønska velkommen.

Sak 12 19/20 MOT kom og snakka med FAU

Annette Henden og Vibeke Berge kom og snakke med FAU ungdom og rus. Det vart ein god dialog. FAU vil i samarbeid med MOT og skulen organisere eit foreldremøte.

Sak 13 19/20 Oppfølgingsaker

Kapasitet Strandahallen – samarbeid FAU Stranda skule

Kirsti Nordstrand og Sølvi Fjeld Bjørøy informerte om status i saka. Det har vore møte mellom representantar for FAU og leiing frå både Sund ungdomsskule og Stranda barneskule. Det er utarbeida forslag til løysing på kapasitetsproblema og sendt brev til kommunen. Saka blir følgt opp.

Uteområdet – utstyr

FAU har vore i kontakt med ungdomsskulen, og elevrådet har hatt møte i saka og laga forslag til kva apparat/utstyr det skal søkast midlar til. FAU vil søke midlar frå fleire instansar. Ivar Naustheller følgjer opp ulike instansar når søknadsfristane vert offentleggjort. Helga Ulvøen og Lisbeth Løtvedt følgjer opp skulen og elevrådet i saka. FAU bør vere registrert med eit organisasjonsnummer og ha ein bankkonto for å kunne søke om midlar. Helga Ulvøen følgjer opp dette.

Sak 14 19/20 Eventuelt

Det var ingen andre saker under eventuelt.

Møtet vart heva.

Neste møte blir onsdag 15.04.20 kl. 18:00.